

Verdsarvmidlar 2017 – rapport og førebels rekneskapsversyn.



VERDSARV
Vestnorsk fjordlandskap

Årsmelding 2017.

Verdsarvsekretariatet søkte for året 2017 om kr. 3 185 000,- i tilskot over verdsarvmidlane. Ved Miljødirektoratet si handsaming og vedtak vart det gjeve tilsegn om kr. 2 630 000,- som budsjettmessig vart fordelt på fylgjande innsats- og prosjektområde (*jfr. Handlingsplan 2017*):

1.0. :	Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap	: kr. 80 000,-.
1.2. :	Dagleg leiing	: kr. 980 000,-.
1.3. :	Parkforvaltar – kulturminne og formidling	: kr. 175 000,-.
1.5. :	Prosjektmedarbeidar - vandring og verdiskaping	: kr. 160 000,-.
1.6. :	Prosjektmedarbeidar - Besøksforvaltning	: kr. 185 000,-.
1.7. :	Prosjektmedarbeidar – Levande fjordlandskap	: kr. 50 000,-.
2.5. :	Lokale informasjons- og visningscenter	: kr. 200 000,-.
2.6. :	Formidling og informasjon	: kr. 110 000,-.
2.13.:	Geologi – og verdsarvdagar	: kr. 40 000,-.
2.14.:	Guida turar i Verdsarven	: kr. 50 000,-.
2.--. :	Arrangement (<i>Verdsarvmarsj, motbakkelop mv.</i>)	: kr. 30 000,-.
3.3. :	Besøksforvaltningsplan VF	: kr. 150 000,-.
3.4. :	Prosjekt - ”Levande Fjordlandskap”	: kr. 50 000,-.
3.9. :	Informasjonstavler	: kr. 300 000,-.
3.11 :	Rydding/ merking/skilting av turveggar	: kr. 50 000,-.
4.1. :	Samarbeid med skulane	: kr. 100 000,-.
	Sum	: kr.2 630 000,-.

Pr. 31.12.17. er verdsarvmidlane med grunnlag i revidert handlingsplan pr. 15. juni 2017 samt førebels rekneskapsversyn fordelt til finansiering/ delfinansiering av fylgjande avdelingar og prosjektområde:

1.0.: Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap.

Verdsarvrådet (VAR) gjennomførte 2 møter i 2017. Eit vårmøte vart planlagt for gjennomføring i mai men måtte utsetjast grunna lite saker på det tidspkt. Det fyrste møtet, ei sokalla flyplassmøte, vart difor gjennomført på Flesland, Bergen den 29. august. Sakene som var til handsaming og drøfting her omhandla m.a. Sjøfartsdirektoratet si kartlegging av utslepp og miljøpåverknad i verdsarvfjordane, vidare oppfølging av tiltaksplanen for kulturlandskapet og Besøksforvaltningsprosjektet. I tillegg orienterte som vanleg medlemar og inviterte gjester om aktuelle saker og satsingar relevante for Verdsarvrådet sitt arbeid og oppdrag.

Det andre møtet vart gjennomført den 7. – 8. november med Geiranger som møtestad. Her var høve det for tidlig frammøtte deltakarar å få ei eksklusiv omvising i det autoriserte Verdsarvsenteret for Geirangerfjordområdet. Sjølve saklista til rådsmøtet omhandla prosessen kring og uttale til arbeidet med områdereguleringa for Geiranger, framlegg til revidert mandat for kulturlandskapsprosjektet(KPR) samt val av nye leiar og nestleiar av Verdsarvrådet for åra 2018-2019. Bjørn Pedersen frå Sjøfartsdir. deltok med gjennomgang av

rapporten om utslepp i verdsarvfjordane. Det ligg føre møteprotokollar som omtalar nærare kva saker som var til drøfting og handsaming. Desse er tilgjengelege på Nærøyfjorden Verdsarvpark sine nettsider: <http://www.naroyfjorden.no/verdsarvrudet/> Her ligg og kopi av nokre uttalar som er fremja frå Verdsarvrådet til ulike orienterings- og drøftingssaker.

(Reflektert møtelyd på Flesland, Bergen)



(Omvisning i Verdsarvsenteret, Geiranger)



Nestleiar av Verdsarvrådet, Jan Ove Tryggestad og verdsarvsekretariatet deltok og den 30. mai på eit orienteringsmøte i Haugesund om Sjøfartsdirektoratet sin rapport i høve til utslepp og miljøpåverknad i verdsarvfjordane. Leiar av Verdsarvrådet, Hans Erik Ringkjøb, deltok m.a. på undervegsmøte med Sjøfartsdirektoratet i Ålesund den 17. januar, på Kulturlandskapskonferansen i Geiranger den 15. mai, Norsk Verdsarvforum 12.-14. juni i Hammerfest samt Sjøsikkerhetskonferansen i Haugesund den 27. – 28. september. På sistnemnde konferanse heldt Ringkjøb eit innlegg om kva som er spesielt med verdsarvfjordane. Ringkjøb er og p.t. leiar av Norges Verdensarv sitt politiske forum.

(Frå Sjøsikkerhetskonferansen, Haugesund)



(Delegasjonen frå Vestnorsk fjordlandskap, Verdsarvforum Hammerfest)



Engasjementet i Verdsarvrådet er framleis bra og møta er ein viktig arena for samarbeidet kring vår felles verdsarv. Sagt det kunne oppmøte frå enkelt av medlemane med fordel vore mykje betre, noko som og vart adresserte av leiarskapet på siste møte i november 2017. Det skal vere gode grunnar for å ikkje stille på desse 2-3 årlege møta. Leiarskapet i Verdsarvrådet vil vere tydlegare på dette ved framtidige innkallingar til Verdsarvrådet.

Midlane under denne avdelinga har gått til å dekke kostnader med gjennomføring av sjølve møta i tillegg til noko reise – og opphaldsutgifter for leiar/ nestleiar av Verdsarvrådet. Rekneskapstala gjev likevel ikkje eit heilt rett bilde då leiarane av rådet tek ein del av kostnadane med vervet gjennom eigen organisasjon.

1.2.: Dagleg leiing/ verdsarvsekretariat/ områdekoordinator.

Midlane under dette innsatsområdet har som tidlegare år i stor grad gått til dekking av løn, sosiale utgifter, kontorhald, reiser og opphald mv. knytt til områdekoordinator/ verdsarvsekretær.

Det daglege arbeidet, i tillegg til leiing av stiftinga og parkorganisasjonen med budsjett, økonomi og personalansvar og jamnelege møter med Parken sitt arbeidsutval og styre, omfattar ma. lokalt kontaktpunkt, samordning av delprosjekt/ legge til rette for samhandling regionalt, deltaking i plan- og strategiarbeid, utarbeiding av styringsdokument, delta i oppfylgings- og evalueringsarbeid, kontakt mot forvaltning/ styresmakter på ulike nivå, legge til rette for mottak av studie- og fakturar og sjølv delta som repr. for verdsarvområdet/ verdsarvparken i ulike kurs/ seminar og møteplassar.

Kontakt mot, støtte og samordning med områdekoordinator Geirangerfjorden/ stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv. Delta på møte i og fylgje opp Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap sine drøftingar og semje. Ivareta rolla som prosjekteigar for Verdsarvrådet i det pågåande 3-årige FoU - prosjektet ” *Besøksforvaltning og lokalsamfunnsutvikling*”.

For åra 2016 -2017 ivaretek og dagleg leiar/ områdekoordinator funksjonen som hovudsekretariat for Verdsarvrådet som ma. inneber praktisk organisering, saksførebuing, innkalling og skriving av møteprotokoll. Dette kjem i tillegg til dei andre nemnde oppgåvene som ligg til stillinga.

I fyrste halvdel av 2017 gjennomførte Aurland kommune verksemdoverdraging; formell overføring av funksjonen verdsarvsekretariat og stillinga områdekoordinator til stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark. Dette førte m.a. til at kostnader som fram til no vart fordelt på 2 år vart utgiftsført på 1 år. Dette i tillegg til etablering av ny pensjonsordning forklarar kvifor kostnadane knytt til denne avdelinga er sopass høge i 2017 samanlikna med andre år.

Som områdekoordinator/ sekretariatsleiar/ dagleg leiar vil eg elles trekkje fram desse møteplassane/ hendingane/ aktivitetane som særleg relevante for verdsarvarbeidet:

Januar:

Gjennomføring av møte i Parkstyret med handsaming og godkjenning av Handlingsplanen for 2017. Søknads – og rapporteringsarbeid til ei rekkje ulike finansieringskjelder. Deltok ilag med leiar av VAR på dialogmøte i regi av Sjøfartsdirektoratet i Ålesund den 17. januar. Tema her var oppdatering og status i høve Sjøfartsdir. sitt arbeid med ei utgreiing om verdsarvfjordane. Fremja uttale frå verdsarvsekretariatet til Kystverket i samband med høyring av planprogram for utbetring av innseglinga til Flåm/ utsprenging i Aurlandsfjorden.

(Aurlandsfjorden sett frå Flåm ein januardag 2017)



Februar:

Deltok i lag med 2 medarbeidarar frå Verdsarvparken på Norges Verdensarv sin arbeidsverkstad knytt til basisutstillinga om verdsarven. Deltok på Sjøfartsdir. sitt arbeidsseminar nr. 2 om kartlegging av utsleppssituasjonen i verdsarvfjordane. Planlegging og organisering av ope møte om forvaltning av verneområda. Oppfølging av førespurnad til samferdsleutvalet i Sogn og Fjordane om å få orientere om handlingsrommet i eksisterande regelverk til å setje vilkår ved tildeling av ruteløyve. Rapportering til Regionalt Forskningsfond Vestlandet i høve til Besøksforvaltningsprosjektet. Planlegge flytting av parkadministrasjonen til andre mellombels kontorlokale grunna vedlikehaldsarbeid. Møte med reisefylgje/ studietur frå Telemark om tema cruise og verdsarv. Oppstart planlegging av Kulturlandskapsseminar i Geiranger - 1. forsøk. Fremja uttale til Sjøfartsdir. i høve til nye rammevilkår for verdsarvfjordane. (Vedlegg 1.)

(Arbeidsseminar basisutstilling på Lillestrøm)



Mars:

Gjennomførte i lag med leiar og nestleiar av Parkstyret ope møte om forvaltninga av verneområda. Eit nyttig møte som mao. hadde som siktemål å informere om og avklare ulike roller og oppgåver i knytt til verne- og verdsarvforvaltning. Arbeidsmøte med Visit Sognefjord og Aurland kommune knytt til satsinga «*Berekraftig reisemål*». Styremøte i Norske Parkar (www.norskeparker.no) hjå KS i Oslo med innlagt «*Miniseminar Park*» for sentrale politikarar på Stortinget. Møte i Parken sitt arbeidsutval i Vik kor oppfølging av saka knytt til miljøomsyn ved ruteløyve på verdsarvfjordane, skisse til program for Parkmøte 2017 samt framtidig verdsarvsenter for Nærøyfjordområdet sin plass i prosjektet «*Visjon Vangen*». Oppstart planlegging, organisering og finansiering av kulturlandskapsseminar i Geiranger den 15. mai. Flytting av parkadm. til mellombels kontorlokale.

April:

Organisering, programutvikling, koordinering og oppfølging av invitasjonar til kulturlandskapsseminaret i Geiranger. Førebuande planlegging og avklaring i høve til møte i Verdsarvrådet (*Vår møtet vart utsett til august/ september.*) Møte i arbeidsgruppa for Aurlandsvangen («*Visjon Vangen*») med fokus på mulig etablering av verdsarvsenter. Oppfølging av siste fase knytt til verksemdoverdraginga. Planlegging/ programutvikling/ organisering av Parkmøte 2017 den 3. mai. Oppstart/ deltaking i prosjektet «*Mulighetsstudie Stalheim*» i regi av Voss kommune/ Hordaland fylkeskommune. (*Stalheim er ein aktuell lokalitet/ portal for informasjon om verdsarvområdet.*) Avsluttande årsrapportering til Regionalt Forskningsfond Vestlandet. Deltok på seminaret «*Verdien av urørt natur – Reiselivsmeldingen ett skritt i riktig retning?*» i regi av m.a. Bergen og Hordaland Turlag. Deltok med innlegg på Hyllestadseminaret kor m.a. UNESCO Geopark/ natur- og kulturparker i Norge/ UNESCO verdsarv var tema.

Mai:

Gjennomførte Parkmøte 2017 den 3. mai i samarbeid med reisemålsselskapet Visit Sognefjord og Aurland kommune. Parkmøte som er allmøte for Nærøyfjorden Verdsarvpark sine partnerar, stiftarar og samarbeidspartar, var dette året tufta på tema «*Berekraftig reisemål 2027?*» Utsending av pressemeldingar/ utarbeiding av infofilm/ seminaradministrasjon/ gjennomføring av seminaret «*Kulturlandskap i fare!*» i samarbeid med verdsarvsekr. og leiarane av VAR. Førebuande planlegging/ organisering i høve til deltaking på Norske Parkar sin konferanse i Korgen, Hemnes kommune. Utarbeiding og oversending av statistikk om besøk i verdsarvområdet til RA. Verdsarvsekr. og nestleiar VAR deltok vidare på arbeidsmøte med Sjøfartsdir i Haugesund i samband med kunngjering av rapport, oppsummering frå møtet ligg ved. (Vedlegg 2) Møte i arbeidsgruppa for «*Visjon Vangen*» med særleg fokus mulig innhald/ samarbeidspartar kring ei etablering av verdsarvsenter/ Fjordportal på Aurlandsvangen. Førebuing av møte i Parkstyret.

(Geiranger: Verdsarvbønder deler sine erfaringar og utfordringar)

(Hans E.Ringkjøb, Arne Sandnes og Geir Helljesen oppsummerer)



Juni:

Deltok på fyrste arbeidsmøte i prosjektet «*Mulighetsstudie Stalheim*». Deltok i lag med tilsette i Verdsarvparken/ nestleiar av Parkstyret på Norske Parkar sin konferanse i Korgen, Hemnes kommune. Hadde innlegg om besøksforvaltningsprosjektet i Vestnrosk fjordlandskap. Utsending og oppfølging av pressemelding frå leirskapet i Var knytt til Sjøfartsdir. sin rapport om utslepp i verdsarvfjordane. Reise/deltaking på Norges Verdensarv sitt Verdensarvforum 2017 / årsmøte Norges Verdensarv i Hammerfest. Gjennomføring av Verdsarvparken sitt styremøte i Vik, Vik kommune, kor m.a. KLD sin strategi for etablering av verdsarvsentra i Noreg, revisjon av Handlingplan 2017 samt stiftinga si årsmelding/ rekneskap 2016 var til handsaming. Oppfølging av KLD/ Miljødir. sitt arbeid med ny merkevarestrategi.

Juli:

Organisering og gjennomføring av infostand i Flåm i samband med Sommartoget 2017. Førebuing og organisering av utsett møte i Verdsarvrådet. Oppfølging førespurnad frå Sjøfartsdir. om deltaking på *Sjøikkerhetskonsferansen 2017*.

(Sommartoget 2017:Obl. sjølvi)



August:

Oppfølging av Besøksforvaltningsprosjektet; noko korr. med Sjøfartsdir. om kraftige utslepp til luft frå cruiseskip i Aurlandsfjorden. Innleiande dialog med prosjektleiar for handlingsplan knytt cruisestrategien for Vestlandsfylka. Purring på KLD/ Miljødir. i høve til merkevarestrategien. Synfaring i lag med

prosjektleder og supplerende oppfølging/ oversending av dok. til «*Mulighetsstudie Stalheim*». Innleiende org. av deltaking på Nordisk Verdsarvkonferanse i Rauma, Finland. Møte med Sogn og Fjordane fylkeskommune ved fylkesdirektørane for samferdsleavdelinga og nærings-/kulturavdelinga om høvet til å setje vilkår som fremjar miljøomsyn ved tildeling av ruteløyver. Innkalling til og gjennomføring av møte i VAR på Flesland, Bergen. Deltok på besøksrunde i regi av landbrukskontor/ Fylkesmannen si landbruksavdeling til **verdsarvbønder** i Nærøyfjorden (*Styvi og Dyrdal*).

(Synfaring Holmo v/ Nærøyfjorden)



(Landskapspleiarane)



(Hjå verdsarvbonde Bjørn H. Hov, Styvi)



September:

Arbeidsmøte for prosjektet «*Visjon Vangen*» med fokus på kartlegging av mulige aktørar og samarbeidspartar; presentasjon av forprosjektet «*Fjordportalen*». Andre arbeidsmøte på Stalheim i prosjektet «*Mulighetsstudie Stalheim*» med drøftingar av retning/ innhald og konsept. Etablering/ avklaring av medlemar til arbeidsgruppa for VAR sitt kulturlandskapsprosjekt. Deltaking i fyrste møte i styringsgruppa for Masterplanarbeidet for Sogn, sikre kopling til VAR sitt Besøksforvaltningsprosjekt. Deltaking på Norske Parkar sitt styre- og strategiseminar i Oslo, dialog/ møte med sentrale politikarar på Stortinget. Møte i Parken sitt arbeidsutval; oppstart av arbeidet med Handlingsplan 2018. Deltaking i lag med leiar av VAR på Sjøfartsdir. sin *Sjøsikkerheitskonferanse* i Haugesund. Innspel til Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt budsjettarbeid for 2018.

Oktober:

(KPR sitt møte i Loen 30.oktober)



Rapportering/ tilskotsforvaltning i høve til seminaret «*Kulturlandskap i Fare*». Oppfølging/purring i høve til KLD/ Miljødir. sitt arbeid med ny merkevarestrategi. Planlegging og gjennomføring av fyrste møte i arbeidsgruppa for VAR sitt kulturlandskapsprosjekt. Kartlegging av tilskotsordningar relevante for skjøtsel i verdsarvområdet. Førebuing, innkalling og sakliste til VAR sitt haustmøte i Geiranger. Deltaking på RA si samling for Verdsarvkoordinatorar på Hamar. Oppfølging av Besøksforvaltningsprosjektet.

Dialog med Sogn og Fjordane fylkeskommune om oppstart revisjon av restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap - Nærøyfjordområdet.

November:

Deltaking på Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt seminar i Sogndal med tittelen «*Frå Bre til Hav*». Deltaking på RA sitt haustseminar i Bergen; invitert til å stille i paneledatt med utg. pkt. i tema verdsarv og turisme. Innleiende dialog med The Fjords/ Flåm AS om lysprosjekt i Nærøyfjorden. Gjennomføring av VAR sitt haustmøte i Geiranger den 7.- 8. november i Geiranger med innlagt omvising i Verdsarvsenteret. Dialog-/orienteringsmøte med Sogn og

Fjordane fylkeskommune ved nærings- og kulturavd. om Besøksforvaltningsprosjektet. Deltaking i prosjektstyret sitt siste møte på Voss i høve til «*Mulighetsstudie Stalheim*»; ferdigstilling av sluttrapport. Arbeidsmøte/ avklaring med verneområdeforvaltar/ SNO om planlagde tiltak i verdsarvområdet. Møte med/ presentasjon for infrastrukturgruppa i Sogn og Fjordane om Besøksforvaltningsprosjektet. Møte i med Miljødir. om ny merkevarestrategi for verne- og verdsarvområda. Deltaking på styringsgruppa sitt møte i Gaupne i høve til Masterplanarbeidet for Sogn – «*Berekraftig reisemål*».

Desember:

Deltok med kort innlegg om Verdsarvparken, organisering og oppgåver, på Fylkesmannen i Sogn og Fjordane ved miljøvernavdelinga si samling i Flåm. Oppsummering av innspel/fremjing av utkast til Handlingsplan 2018. Møte i Parken sitt arbeidsutval, drøfting og handsaming av utkast til Handlingsplan 2018. Statusmøter Besøksforvaltningsprosjektet. Møte med Bakka grendalag om etableringa av verdsarvhus/ off. toalett. Saksførebuing og innkalling til styremøte i Verdsarvparken. Utarbeidd framlegg til uttale frå VAR ved leiarane til handlingsplan Cruisestrategi for Vestlandfylka. (*Vedlegg 3.*)

Rolla og funksjonen som både områdekoordinator for Nærøyfjordområdet og dagleg leiar av Verdsarvparken legg til rette for god samhandling, samordning av og heilskepeleg tilnærming til verdsarvverket. Desse oppgåvene i tillegg til sekretariatsansvaret for Verdsarvrådet fører likevel at kvardagen tidvis er svært utfordrande og krevjande i høve til kapasitet.

Det er ei utfordring som nemnt ved tidlegare høve for to delområde å framstå som ein verdsarv, sett både i høve til det politiske landskapet, organisering i delområda, utfordringar og potensiale for utvikling. Sagt det freistar verdsarvsekr. og leiarskap å ivareta oppdraget og fellesskapet både gjennom jamneleg dialog med kvarandre, kontakt mot og samarbeid med relevante styresmakter samt i samsvar med Verdsarvrådet sin retningslinjer.

1.3. : Parkforvaltar - kulturminne og formidling.

Midlane under dette innsatsområdet går til dekking av løn, sosiale utgifter, kontorhald, reiser og opphald mv. Parkforvaltar Gry Mørk har og i 2017 utført oppgåver utført oppgåver og delteke i fleire satsingar som både indirekte og direkte fremjar auka kunnskap og medvit om verdsarvområdet og verdsarvverdiane. Syner vidare til Parkforvaltaren sin eigen delrapport om arbeidsinnsatsen i / gjennomføringa av dei enkelte delprosjekta. (*Vedlegg 4.*)

1.4. og 1.5.: Prosjektmedarbeidarar - merking, tilrettelegging og skjøtsel.

Midlane under dette innsatsområdet går til dekking av løn, sosiale utgifter, kontorhald, reiser og opphald mv. Prosjektmedarbeidarane Bengt Erlend Skjerdal og Snædis L. Bjarnadottir har, i tillegg til å leie delprosjekta ”*Vandring og verdiskaping*” og ”*Nye Aurlandsdalen*”, utført oppgåver og delteke i fleire satsingar som både indirekte og direkte fremjar auka kunnskap og medvit om verdsarvområdet og verdsarvverdiane. Desse ressursane er nærast det vi kan kalle ein norsk variant av «*Rangers*». Syner vidare til eigne delrapportar (*Vedlegg 5. og 6.*)

1.7: Prosjektmedarbeidar - «Levande Fjordlandskap».

Midlane under dette innsatsområdet går dekking av løn, sosiale utgifter, kontorhald, reiser og opphald mv. knytt til prosjektmedarbeidar (20% stilling) Ivar Bjarne Underdal si oppfylging av innsatsområda under prosjekt 3.4. Sentralt i dette arbeidet var oppfylginga av notatet om sektorstyresmaktene sitt høve til å setje vilkår som fremjar miljøomsyn ved tildeling av ruteløyve på verdsarvfjordane. Underdal slutta i Verdsarvparken juni d.å.

1.8. : Prosjektleiar NL/ informasjon og kommunikasjon.

Midlane under dette innsatsområdet går til dekking av løn, sosiale utgifter, kontorhald, reiser og opphald mv. Prosjektleiar Gro Nesse- Bremer har, utover å planlegge og gjennomføre det årlege arrangementet Nynorske Litteraturdagar (ca. 50% av stillinga), dette året utført oppgåver og delteke i fleire satsingar som både indirekte og direkte fremjar auka kunnskap og medvit om verdsarvområdet og verdsarvverdiane. Dette gjeld m.a utvikling og drift av nettside/ sosiale media, utvikling og produksjon av informasjons-, profilerings- og formidlingsmateriell, partnerpleie og –kommunikasjon. Vil elles særleg trekkje fram innsatsen knytt til tekstutvikling til basisutstillinga om verdsarven; noko som var ei krevjande øving i høve til å sei mest mulig med minst mulig ord/ tekst.

2.5. : Lokale informasjons- og visningscenter.

Prosjektet har som målsetjing å utvikle og etablere eit tilpassa formidlingskonsept i grendene (Verdsarvhusa) med fokus på verdsarvstatusen, Verdsarvparken og kvar einskild grend. Prosjektet har som delmål å skape aktivitet i og kring tidlegare skulehus/ grendehus samt involvere grendene i formidlingsarbeidet. Verdsarvhusa og det framtidige UNESCO verdsarvsenteret blir i sum Vestnorsk fjordlandskap - Nærøyfjorden sitt informasjons – og verdsarvsenter.

I 2015 vart fyrste Verdsarvhuset etablert i grenda Undredal. Dette skal vidareutviklast i 2018 i samarbeid med grendalaget.

I 2017 har Verdsarvparken hatt noko dialog/ fylgt opp initiativet frå grendene Bakka og Jordalen. På Bakka har det dette året handla mykje om, i samarbeid med Aurland kommune, å få på plass eit nytt off. vassanlegg for bygda samt få etablert eit off. toalettilbod. Dette er naudsynt både for gjester til Verdsarvhuset og til gjester i området elles. Gjennomføringa av desse prosjekta har drege voldsomt ut i tid noko som igjen har ført til at innhaldsutvikling av verdsarvhuset har blitt tilsvarande skyvd ut i tid. Venteleg kjem dette på plass i 2018.

(Verdsarvhuset på Bakka)



(Sonja steinen)



(Vassanlegg på Bakka i prosess)



I Jordalen handlar det enno om å få avklart eigar- og brukstilhøva med noverande huseigar - Voss kommune. Etter som vi kjenner til vil dette finne si løysing tidlig i 2018 slik at vi no har avtalt med Jordalen grendalag nytt arbeidsmøte om utvikling av Jordalen verdsarvhus.

Syner vidare til delrapport frå prosjektmedarbeidar Snædis L. Bjarnadottir.

2.6.: Formidling og informasjon.

Nettsida www.naroyfjorden.no blir oppdatert etter behov, det blir lagt inn endringar/oppdateringar når det er naudsynt. Nettsida er ikkje ferdig omsett til engelsk.

Det er investert i eit stort telt med logo og foto som Parken sine partnerar kan låne ved behov. Ei slik profilering er godt synleg og ikkje minst ei nyttig investering både for Parken sine medarbeiderar, og til partnerar som får låne det. Det vert produsert annonser/plakatar og profileringsmateriell etter behov. Arbeid med informasjonsbrosjyre blir i gangsett i 2018.

Små og store hendingar blir formidla til media, nokre gonger får me presseoppslag, andre gonger ikkje. Samarbeid og kontakt med media er bra, men kan alltid bli endå betre.

Det er laga plakatar, annonser og omtalar av arrangement som partnerane til parken har meldt inn behov for eller kome med spørsmål om. Det er laga plakatar til ulike løp og marsjar, og det er formidla arrangement/aktivitetar på nettsida og facebook. Besøksrunde til partnerar er i gang frå januar 2018.

Når det gjeld bruk av parklogo/parkprofil og implementering av felles handbok er dette tema som vil bli teke opp i samband med partnerbesøka som no er i gang.

.)

2.13.: Geologivandringar

Syner til delrapport frå parkforvaltar Gry Mørk for nærare omtale. *Sjå og omtale/ bilder publisert på Facebook*
3. og 25. oktober: <https://www.facebook.com/naroyfjorden/>

2.14.: Guida turar i Verdsarven.

Syner til delrapport frå parkforvaltar Gry Mørk for nærare omtale. *Sjå og omtale/ bilder publisert på Facebook* 16. oktober:
<https://www.facebook.com/naroyfjorden/>

FAMILIETUR TIL BOTN I UNDREDALEN
19. august kl. 12.00-15.00

Den gamle stien (Stem) - heil i Undredalen, og alle på dei. Gudfjellstien - er ei lang og oppgående, for hestepåsar for dei aller fleste. Her kom det framst på 1800-talet, og det er ikkje berre det i lag med den gamle stien, men også fjellstien som har med seg både kulturelle, turist og geologiske.

Turar til og med. Det er ein lang og oppgående, men svært lærerik. Prisen er 1000,- for alle over 16 år, og det er gratis for barn under 16 år. Det er ikkje nokre bussar med spesielle stolar som med barn og eldre på stien.

Vinter og høst har ikkje stien til å bruke, men vinterstid kan det vere ei god måte på å bruke Langfjell. Her kan ein få både skiløyper og skiløyper.

Praktisk informasjon:

- Du får gratis informasjon om alle stier og stier.
- Du får også ei guide til alle stier.
- Du får også ei guide til alle stier.

Oppmerksomhet:

- Du får også ei guide til alle stier.
- Du får også ei guide til alle stier.

Avsluttende:

Fjord og Fjelltraumar

NARØYFJORDEN

Verdsarvturen 2017

Bakka Grendalag i samarbeid med Verdsarvparken og SNO-Aurland skipar til Verdsarvturen 2017.

Rute:
Bakka-Rimstigen-Skarsvotni-Breiskrednosi-Dyrdal.

Tid: Laurdag 5. august.

Frammote: Bakka Grendahus kl. 08.30.

Meir opplysningar:
Sjå verdsarvturen.no

Pris: Vaksne kr 400,-, born kr 200,- og familie kr 800,-.

Påmelding innan torsdag 3. august til:
Svein Tufte: svein@borgen-gard.no, tlf.: 905 26 324 eller
Inge Tyssen: ityssen@online.no, tlf.: 915 91 510.



2.15.: Verdsarvturen.

[Verdsarvturen](#) i regi av partner Bakka grendalag vart planlagt og gjennomført den 5. august. 47 personar frå 5-67 år deltok. Spannande forvarsel, men været vart bra. Gode forhold å gå etter. Nede på Bakka var det ca. 15 grader og skya ver. På Rimstigfjellet var det tåke, men det letta ein augneblink slik at fjorden vart å sjå. Betre på Breiskrednosi. Som dei siste åra serverte familien Ohnstad hjortegryte Dyrdal. Fjord2 tok fylgjet tilbake til Gudvangen for ein rimeleg pris.

2.17.: Stalheimskleiva Opp, Stalheim.

Arrangementet vart gjennomført laurdag 13. mai i regi av Stalheim Landskapsark og Voss Oppturar. Rapport ligg ikkje føre p.t.



FOR 16. GONGI
STALHEIMSKLEIVA OPP 2017
LAURDAG 13. MAI

EUROPAS BRITANTE GATELØP (6-16) I VÅR VILL OG UTRUSTA NATURE
2 KM MED 10 HÅRDE OG 200 M. H.

LØP

START KL. 14.00 TRAILLØP MED STARTBETT
START KL. 14.00 LÅRSLØP
START KL. 16.00
START KL. 18.00

STALHEIM
LANDSKAPSPARK

Voss Sparebank
HHD
Nærøyfjorden

2.18.: Motbakkeløpet "Rimstigen Opp".

E-CO Rimstigen Opp er blitt eit årvist og vellukka arrangement som og i 2017 vart gjennomført i regi av parkpartnerane Aurland Idrettslag og Bakka grendalag.

Parkpartnerane melder fylgjande: «Organisering og gjennomføring gjekk godt. Me har gode rutinar, ein del av funksjonærene har vore med fleire gonger og samarbeidet med Bakka Grendalag fungerer fint. Deltakartalet var 60 i konkurranseklassen og kring 80 i turklassen. Dette var omlag som forventa. Tilbakemeldinga frå dei som deltok var svært god. Fleire av løparane i noregstoppen i motbakkeløp deltok, og me ser dessutan at ein del løparar kjem att år etter år. Pressedekninga var god.»

3.3.: Besøksforvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap.

Midlane under dette innsatsområdet gjeld løn løn, sosiale utgifter, kontorhald, reiser og opphald mv. for prosjektleiar i tillegg til tenestekjøp relevant for prosjektet. Syner her vidare til førebels oppsummering frå prosjektleiar Hanne Lykkja som vart lagt fram for VAR på møte den 8. november i Geiranger. (Vedlegg 7.) I etterkant av nemnde møte er innsatsen retta mot å avslutte det 3-årige FoU-prosjektet, både med omsyn til utarbeiding av sluttrapport til Regionalt Forskningsfond Vestlandet samt oppsummering og ferdigstilling av utkast til Besøksforvaltningsstrategi.

Besøksforvaltningsstrategien skal i samsvar med semje i VAR handsamast på vårmøte 2018.

3.4.: Levande Fjordlandskap.

Kostnadane under prosjektområdet er for dette året i hovudsak knytt til kjøp av juridisk kompetanse i høve til kartlegging/ vurdering av handlingsrommet i eksisterande regelverk for regionale styremakter til å setje vilkår som fremjar miljøomsyn på verdsarvfjordane. I dette ligg det og kostnader knytt til deltaking på eit avklarings – og dialogmøte med Sogn og Fjordane fylkeskommune 22. mai. Notatet er vedlagt. (Vedlegg 8)

3.9.: Informasjonstavler.

Syner til delrapportar frå Bjarnadottir og Skjerdal for nærare omtale av kva som er gjennomført under dette prosjektområdet i 2017.

Verdsarvparken freistar, der det ligg til rette for dette, å involvere bygdene og grendene i både lokalisering og utvikling av dei stadeigne infotavlene for å sikre interesse for og eigarskap til formidlinga. Verneområdeforvaltninga vert som tidlegare involvert både i utviklinga av skilt som skal setjast opp i verneområda og ved søknader om løyve. Verdsarvparken har ei heilskapeleg tilnærming til dette arbeidet som strekkjer seg ut over grensene for både vern – og verdsarvområdet. Arbeidet vil halde fram i 2018 men ved årsskiftet 2017/ 2018 ligg det føre framlegg frå Miljødirektoratet til merkevareordning for verneområda som og vil få effekt for profil/ utsjånad i verdsarvområdet. Ein etterlengta revisjon av felles skiltmal for Vestnorsk fjordlandskap vil truleg avklare korleis dette skal sjå ut for heile verdsarvområdet og ikkje berre verneområda.

3.11. : Merking/skilting av turveggar.

Dette er ei pågåande satsinga som vert gjennomført samarbeid med turlag, grendalag, andre friviljuge lag, enkeltpersonar og nokre reiselivsverksemdar gjennom delprosjektet ”Vandring og verdiskaping”. All skilting er fram til no gjennomført i samsvar med skiltmal for Vestnorsk fjordlandskap og Innovativ fjellturisme/ Merkehandboka. Vidare vert oppsett naturlegvis avklart med grunneigarar i tillegg verneområdeforvaltninga og DNT der dette er naudsynt. Ein like viktig del av dete areidet handlar og om vedlikehald og tilsyn med skilta.

For vidare omtale vert det synt til delrapport frå prosjektmedarbeidar Bengt Erlend Skjerdal.

4.1.: Samarbeid med barnehagane og skulane.

Samarbeid med skulane og barnehagane er ei pågåande satsing kor Verdsarvparken har som målsetjing at verdsarven Vestnorsk fjordlandskap skal bli ein naturleg del av skulekvardagen i Nærøyfjordområdet. Det er etablert partnerskap med Lærdalsøyri Barne- og Ungdomsskule, Aurland Barne- og Ungdomsskule og no sist Flåm skule. I samarbeid med skulane i og inntil Verdsarvparken vert det gjennomført pedagogisk opplegg som set fokus på verda sin arv/ vår arv, geologi, vertskap, entreprenørskap/ næringsutvikling. I 2017 har og Verdsarvparken delteke med opplegg knytt til leirskuleopphald i Dyrdal.

Kostnadane ført under dette prosjektområdet gjeld dekking av utgifter til transport/ båttransport i verdsarvområdet. Sjå elles delrapport frå parkforvaltar Gry Mørk for vidare omtale.

Oppsummert - fordeling av Verdsarvmidler 2017:

Pr.nr. ¹	Omsøkt	Ved tilsegn	Rekneskap pr. 311217	Fordelt pr. 311217
1.0.	80 000	80 000	40 567	40 567
1.2.	900 000	980 000	2 008 285	1 400 000
1.3.	150 000	175 000	546 375	220 000
1.5.	150 000	160 000	895 753	215 632
1.6.	100 000	185 000	0	0
1.7.	60 000	50 000	55 382	55 382
1.8.	0	0	412 742	75 000
2.1./2.2	40 000	0	0	0
2.3.	140 000	0	0	0
2.5.	300 000	200 000	903	0
2.6.	150 000	110 000	146 069	130 000
2.12.	0			
2.13.	40 000	40 000	1 372	1 372
2.14.	50 000	50 000	13 060	13 060
2.--.	30 000	30 000	10 610	10 610
3.1.	0	0	101 580	0
3.3.	150 000	150 000	895 273	200 000
3.4.	50 000	50 000	64 748	64 748
3.9.	400 000	300 000	185 253	139 390
3.11.	250 000	50 000	50 644	50 644
3.14.	25 000	0		
4.1.	100 000	100 000	13 595	13 595
4.2.	20 000	0	0	0
	3 185 000	2 630 000	5 401 644	2 630 000

¹ Jfr. prosjektnr. Handlingsplan 2017.

Aurland, 31. januar 2018.

Erling Oppheim
Dagleg leiar/ Områdekoordinator Nærøyfjordområdet.

Vedlegg:

1. Uttale dagsett 24. februar frå VAR til Sjøfartsdirektoratet om nye rammevilkår for verdsarvfjordane.
2. Oppsummering frå møte med Sjøfartsdirektoratet 30 mai 2017.
3. Uttale dagsett 18. desember frå VAR til Sogn og Fjordane fylkeskommune om framlegg til handlingsplan cruisestrategi for Vestlandsfylka.
4. Delrapport parkforvaltar Gry B. Mørk.
5. Delrapport prosjektleiar Bengt Erlend Skjerdal.
6. Delrapport prosjektleiar Snædis L. Bjarnadottir.
7. Oppsummering/ status besøksforvaltningsprosjektet v/ Hanne Lykkja.
8. Notat v/ adv. firm Selmer om høve til å seje vilkår som fremjar miljøomsyn.
9. Godkjent årsmelding og rekneskap 2016 for stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark..